

Årsmelding for 2017

Stiftinga Vest-Telemark Museum

Rapport vurdering måloppnåing

Hovudmål:

Stiftinga Vest-Telemark Museum skal sikre eit stabilt og mangfaldig kunst- og kulturtilbod med vekt på kunstnarleg og fagleg kvalitet, og at materiell og immateriell kulturarv frå fortid og samtid vert bevart og gjort tilgjengeleg for ettertid.

Stiftinga Vest-Telemark Museum skal stimulere til ivaretaking og nytenking ved bruk og utvikling av lokale ressursar.

Dette skal skje ved å gje kunnskap om, forståing for og oppleving av kultur- og kunsthistoria til Vest-Telemark på ein måte som viser både kontinuitet og endring, samanheng og forskjell.

Vest-Telemark Museum skal

- trygge og auke driftsgrunnlaget for verksemda, sikre gode arbeidstilhøve og fysiske rammevilkår.*
- arbeide målretta for å betre katalogiseringa, sikringa og bevaringa av samlingane.*
- leggje til rette for forskning og formidling i tilknytning til samlingane.*
- nå ut til alle grupper med særskild vekt på barn og unge.*
- halde vedlike sine bygningar og kulturlandskap for ettertida.*

Drift, utvikling og fornying

Resultatmål drift og utvikling

Vest-Telemark Museum skal trygge og auke driftsgrunnlaget for verksemda, sikre gode arbeidstilhøve og fysiske rammevilkår.

- vidareutvikle Norsk Skieventyr og VTM – Eidsborg som museum med heilårstilbod
- arbeide for heilårsope kunstmuseum for regionen
- utvikle kafè- og anna salstilbod, auke samla salsinntekter til kr. 4 mill. i 2018
- prioritere marknadsarbeidet og setje av 2 % av driftsbudsjettet til dette
- styrke faglege ressursar innan formidling, vedlikehald og kjeldearbeid
- gjennomgå organisasjonsplan og ansvarsområde
- kurse og vidareutdanne personalet
- vere aktiv deltakar og utviklar av faglege nettverk
- vidareutvikle HMS/IK-planarbeidet

Vurdering av eiga måloppnåing

Driftsåret 2017 var prega av store vedlikehaldsprosjekt, konsolidering med Grimdalstunet og elles vanlege driftsoppgåver. Norsk Skieventyr vart gjenopna 5.mars etter eit omfattande vølingsarbeid. I tillegg til gjenoppbygging etter flaumskadane, nytta ein høve også for å gjere naudsynte oppgraderingar i utstillingar og lokale elles. I Eidsborg tok ein imot grupper og besøkande heile året på bestilling, men hadde elles sesong frå siste sundag i april til midt i september.

Arbeidet med nytt kunstmuseum på Rauland gjekk vidare. Ein er avhengig av at Vinje kommune tek eigarskap til prosessen, men det er også behov for bidrag frå fylke og stat. Det vart utarbeidd ei ekstern kunstfagleg vurdering av våre kunstsamlingar, som fastslår nasjonal verdi, behov for magasin og potensiale for aktualisering og kunnskapsutvikling.

Internutvikling av organisasjonen er eit stendig arbeide, og arbeide med årshjul som planleggingsverktøy.

Det var ikkje rom for å styrke den faglege bemanninga dette året. Særskild vart det søkt om ressursar til bygningsvern og oppbygging av Telemarksarkivet, men dette gav førebels ikkje noko resultat.

I samarbeid med Fagskolen Innland og Telemark starta ein opp bygningsvernstudie med samlingar på museet i Eidsborg. Flyttinga av studiet gav rekordsøknad, og tilbagemeldingane er svært gode både på våre fasilitetar og på bruk av våre bygningssamlingar som objekt i studiet. Museets personale vert nytta i delar av undervisinga. VTM har også ein deltakar på studiet.

Innan fagleg samarbeid og nettverk fortsette mange av dei som ein har rapportert om tidlegare, men i tillegg var ein med på etablering av eit fagnettverk mellom skimusea, styrka relasjonen til bergverksnettverket og Norsk Bergverksmuseum på grunn av sikrings- og formidlingsprosjektet på Åmdals Verk Gruver og styrka samarbeidet med Telemarksforskning.

Forvaltning – samling

Resultatmål samlingsarbeid

Vest-Telemark Museum skal arbeide målretta for å betre katalogiseringa, sikringa og bevaringa av samlingane.

- drifte fellesmagasinet for VTM og samlingane på alle einingar
- utarbeide klare rutiner for god samlingsforvaltning i samsvar med standarden SPECTRUM.
- prioritere revisjon av gjenstandsregistreringane.
- utarbeide ein oppdatera og fullstendig samlingsforvaltningsplan for VTM
- gjennomføre ei restriktiv innsamling med prioritering av dei tematiske satsingsområda folkekunst og skikultur, 1900-talsmateriale.
- gjere samlingane fortløpande tilgjengeleg for publikum, særskild gjennom DigitaltMuseum

Vurdering av eiga måloppnåing

Den store samlingsrevisjonen er hovudoppgåva for samlingsavdelinga. Gjenstandar vert overført til kontrollerte magasin og handtert i tråd med SPECTRUM-standard. I 2017 vart ein stor del av samlingane på Norsk Skieventyr registert/revidert. I samband med konsolideringa med Grimdalstunet fekk ein større tilvekst av både kunst- og kulturhistoriske gjenstandar, og også ansvar for fleire utstillings- og magasinareal. Ein har gjort vurderingar av dei klimatiske høva ved anlegget, og etablert kontrollrutinar/førebyggande tiltak.

Kontrollrutinar av samlingar utanfor fellesmagasin elles vert følgd opp. Førebyggande tiltak dette år var UV-skjerming på Vinje Biletgalleri, etablering av eit mindre kunstmagasin på Dyre Vaa samlingane og to nye magasin for Norsk Skieventyr. Elles har ein med bistand frå Oslo Konserveringsatelier konservert 11 måleri av Henrik Sørensen, Vinje Biletgalleri.

Arbeidet med samlingsforvaltningsplanen vart påbyrja i 2017, og er planlagt ferdigstilt 2018.

Det vert framleis ført ei restriktiv innsamling, og alt av inntak skal godkjennast av eigen inntakskomitè.

Telemarksarkivet hadde ein mindre aktivitet enn føregåande år, grunna skifte av bemanning. Det var framleis ikkje noko varig avklara driftsfinansiering dette år, og det er utfordrande å halde på og utvikle kompetanse med ei skiftande prosjektfinansiering. Eit viktig fellesarbeid med utvikling av bevaringsplan for privatarkiv i Telemark vart husa av VTM, og dette planprosjektet vert sluttført april 2018.

Forskning og dokumentasjon

Resultatmål forskning og dokumentasjon

Vest-Telemark Museum skal leggje til rette for forskning og formidling i tilknytning til samlingane.

- prioritere oppfølging av faglege førespurnader innan våre fagfelt
- stimulere til forskning innan våre fagfelt gjennom å setje av eigne ressursar og utarbeide problemstillingar for masterstudentar og andre
- vidareføre stipendordninga for forskning på kultur- og kunsthistoriske tema frå regionen
- stille våre kjelder digitalt tilgjengeleg

Vurdering av eiga måloppnåing

Oppfølging av faglege førespurnader er prioritert, noko som aukar di meir av samlingar, foto og arkivmateriale vert gjort digitalt tilgjengeleg. Det verkar også som om terskelen for å ta kontakt og spørje vert mindre med dette.

Særskild har ein i mange år ytt ei teneste ovanfor folkekunststudiet på HSN avd Rauland, og det er etter kvart mange årsoppgåver og masteroppgåver produsert på grunnlag av vår tilrettelegging og oppfølging. I 2017 bidrog VTM direkte i arbeidet med fleire masteroppgåver og oppgåver på lågare nivå, i tillegg til ei rekkje artiklar av lokal- og ættehistorisk karakter.

Ein hadde ikkje eige forskingsarbeid gåande i 2017, men ein påbyrja planlegging av eit større prosjekt rundt brynesteinshistoria i Eidsborg. I samarbeid med Telemarksforskning arbeider ein også med eit prosjekt på mellomalderhus i tre gjennom kompetansemeklingsprogrammet. VTM har eit fagleg nettverk nasjonalt og delvis internasjonalt, men det er trong for å arbeide meir systematisk med dette for å ha oppdatert og relevant kunnskap. Søknadsprosess er i gang for å skaffe ressursar.

Ein vil også nemne at museet gjere viktig kunnskapsbygging i samband med kuratering av nye utstillingar.

Det vart ikkje budsjettert med noko stipend dette året.

Digital publisering av gjenstandssamling, foto og arkiv er prioritert, og DigitaltMuseum og Arkivportalen er dei sentrale kanalar. I tillegg har ein samarbeid med HSN om scanning av sentrale arkiv og dokument, og publisering på Telemarkskilder.no.

Formidling

Resultatmål formidling

Det samla museumstilbodet skal nå ut til alle grupper med særskild vekt på barn og unge.

- produsere utstillingar og arrangement som stimulerer til kritisk refleksjon og skapande innsikt
- tilpasse opningstider i høve til publikum og tilrettelegge for funksjonshemma
- vektlegge aktivitetsutvikling og formidling til barn og unge
- vektlegge heimesida som informasjons- og formidlingskanal for museet
- prioritere aktivitetsbasert læring, auka bruk av rekvisittar og sosiale media
- utvide skuletilbodet med fleire pedagogiske opplegg
- styrke samarbeidet med DKS
- styrke opplæringa av dei sesongtilsette formidlarane, utarbeide betre ressurspermar og formalisere kursa

Vurdering av eiga måloppnåing

Innan formidling kan ein vise til stor aktivitet og god måloppnåing, særskild på bakgrunn av det eine årsverket ein har på avdelinga. Men også andre i organisasjonen bidreg, i tillegg til eksterne samarbeidspartnarar og friviljuge.

Besøket i 2017 hadde ein auke frå året før på 7,3%, medan billettinntektene auka med 53%. Haustsesong vart forlenga med ei veke, prisar justert og arrangementesaktiviteten vart auka. Besøket av barn og unge hadde ein auke på 2,1%.

Nye basisutstillingar var i hovudsak gjenoppbygging av Norsk Skieventyr og ny sylvutstilling i Eidsborg. Elles vart det produsert/presentert 10 nye temporærutstillingar. Det vart halde 71 opne møte/føredrag og 3 konsertar, mot 44 og 8 året før. Auken skuldast særskild satsing på tilstellingar med demonstrasjon av handverk.

Nye utstillingar dette året var:

- Ny basisutstilling om sylvsmedkunsten i Vest-Telemark, VTM-Eidsborg
- Telemarkskniven – stasknivutstilling med presentasjon av Olav Haukvik si samling, VTM-Eidsborg
- Pjusken – naturfoto om ørn av Jostein Hellevik (Nordisk meister i naturfoto 2018) VTM-Eidsborg
- Poteten i Vest-Telemark, Kviteseid Bygdetun
- Gamle foto frå Øyfjell, Øyfjell Bygdemuseum
- Kunstutstilling Elisabeth Wærp, Skinnarlandsamlinga
- Den gamle skulen i Fyresdal, Fyresdal Bygdemuseum
- Gjenoppbygging og oppgradering av utstillingsløypa, Norsk Skieventyr
- «Skattkammeret», kombinert magasin og utstilling av skisamlinga, Norsk Skieventyr
- Sommarutstilling med Maiken Kavli, Nøtterøy, Sigmund Olsvik, Oslo, Ellen Kalvig, Suldal, Anne Kristine Thorsby, Lillehammer, Lenka Rochovanska, Tsjekkia, Grimdalstunet
- Kunstutstilling, Dalen bryggje
- Kubbestolen, Gongestogo Dyrsku'n.

Heile 1678 var gjennom våre pedagogiske opplegg, og auken skuldast i hovudsak samarbeidet med Sparebankstiftinga DnB om KulTurbuss til kanalparken. Elles var 219 elevar gjennom våre faste DKS-

opplegg, ein nedgang på grunn av mindre årskull. Ny større gruppe gjennom pedagogiske opplegg er klasser frå vaksenopplæringane i VT, der rundt 250 deltok i 2017.

Heimesida hadde nedgang i antal økter på 2,1%, men auke sidevisingar 3% (merk feil innrapportert i fjor). Facebook vert ein stadig viktigare kanal ut, og antal følgjarar auka med 37 % frå 2061 til 2830. Me var framleis aktive med innlegg: 156 mot 170 året før.

Plan for formidling vert årleg rullert og vedteke i driftsplan.

Forvaltning – vedlikehald og sikring

Resultatmål vedlikehald og sikring

Vest-Telemark Museum skal halde vedlike sine bygningar og kulturlandskap for ettertida.

- gjennomføre prioriterte vølingar antikvariske bygg og kulturlandskapstiltak
- utarbeide vedlikehaldsplan med oversyn over trong, prioriteringar og løysingar.
- etablere ei realistisk rullering for vedlikehaldet
- styrke kompetansen innan bygningsvern
- følgje opp alarmanlegg teknisk og sikringsrutiner

Vurdering av eiga måloppnåing

Innan vedlikehald var dei største tiltaka etappe 2 av 3 med vøling av tak Norsk Skieventyr og tak på skulpturbygget på Grimdalen fekk ny utvendig tekking og beslag. Skulpturbygget vert slutført 2018. Elles vart det gjort tiltak på dei kulturhistoriske bygg som vøling skifertak på Øyfjell Bygdemuseum, restaurering vindaug eldhus Grimdalen og nytt el-anlegg på bakeriet Fyresdal Bygdemuseum. Det er etablert rutiner for tilsyn, og FDV-modulen i Primus teke i bruk. Femårig skjøtselsplan for kulturlandskapet på Grimdalen vart utarbeidd. Med ekstraordinær finansiering frå Vinje kommune vart restaurering av Vinjestoga påbyrja, slutførast til jubileet i april 2018.

Søknad om støtte til utarbeiding av vedlikehaldsplan nådde ikkje opp, og ein hadde ikkje i høve til å byrje dette i 2017.

VTM har ein deltakar på bygningsvernstudiet i regi av Fagskolen.

Innan sikringsarbeid prioriterte ein kontroll og oppfølging av alarm- og brannvarslingsanlegg på dei einskilde einingane. Det vart gjort nye el- og branntilsyn, og feil og manglar vart retta opp. Ein hadde ikkje noko innbrot eller branntilløp dette år. Ein fekk finansiering og starta opp sikrings- og formidlingsprosjektet på Åmdals Verk Gruver, der ein ein mellom anna skal få gjort bergsikring, nytt samband og ljøs i gruvane.

Som rapportert ved tidlegare høve har VTM ei svært omfattande og krevjande bygningsmasse. Det er stor trong for både ei ressursmessig styrking og ein prioriteringsgjennomgang, jf. budsjettsøkn.

Andre krav og føresetnader for statstilskotet

Lov om diskriminering og tilgjenge

Krav til universell utforming og mangfald vert lagt til grunn i planlegging av bygningsmessige tiltak og utforming av utstillingar. Mange av dei gamle utstillingsbygga og dei antikvariske bygningane er likevel ikkje tilrettelagt for alle grupper, og kan heller ikkje bli det utan større og omfattande tiltak.

Likestilling

VTM arbeider for å fremje likestilling og lik løn for likt arbeid og ansvar. Dette reflekterer kjønnsfordeling både mellom dei tilsette og styre. Mellom dei tilsette var det i 2017 59% kvinner, og i styret er fordelinga 45-55.

Immateriell kulturarv

Vidareføring av handlingsboren kunnskap er framleis vårt viktigaste bidrag til ivaretaking av den immaterielle kulturarv. Viktigaste faste tiltak er samarbeidet med husflidslag og smedar som på faste dagar demonstrerer og let publikum prøve ut ulike handverk og husflidsaktivitetar. Dette vert også gjort i på fleire av arrangementa på musea i tillegg til dei pedagogiske opplegga.

Eventuelle andre kommentarar til årsrapporten

Vedlikehald - erklæring frå styret

VTM er ansvarleg for ei omfattande og verdfull bygningsmasse spreidd over ein stor region. Det er ikkje realistisk innanfor våre rammer å etablere eit naudsynt vedlikehaldsnivå dersom ein skal følgje antikvariske prinsipp, og me opplever framleis at etterslepet aukar. Ein freistar å skaffe eksterne prosjektmidlar til særskilde og krevjande tiltak, og lukkast dette året å skaffe ekstraordinære midlar frå Vinje kommune til vøling av Vinjestoga og ei gåve frå Grimdalsfondet til vøling av taket på skulpturhuset på Grimdalstunet. Men VTM er som museum avskore frå viktige støtteordningar, og bygningsvedlikehaldet er ei langsiktig oppgåve som i hovudsak bør vere finansiert over drift.

Dialogen held fram med kommunane om deira ansvar for samlingsbygg som er i kommunalt eige, men avtalar på dette er ikkje på plass. Kommunane bidreg på enkelttiltak, men det er naudsynt med meir langsiktig planlegging og avgrensingar av dette. Det er søkt om støtte til utarbeiding av vedlikehaldsplan, men utan å få tilsegn på dette også i 2017.

Styret erklærer at vedlikehald av antikvariske bygg og samlingsbygg er prioritert, og det vert gjort godt og viktig arbeid innan dei rammer ein har. Men det vil vere naudsynt med både ei hardare prioritering av tiltak og ei ressursmessig styrking om ikkje viktig bygningsarv skal gå tapt. Viser til prioritert tiltak budsjettsøknad.

Mål og nye tiltak

Styrking bygningsvern

Som rapportert om gjennom fleire år har VTM ei særskild utfordring med tilstrekkeleg oppfølging av den antikvariske bygningsmassa. Den er omfattande og verdfull, og det er særskild trong for å auke vår kapasitet i dette arbeidet. Vår FDV-avdeling består av 2,5 årsverk, og denne har i tillegg til oppfølging av det antikvariske bygningsvernet ansvar for sikring, drift- og vaktmeistertjenester for alle anlegga, deltek i utstillingsbygging og støttar andre avdelingar ved museet. Slik er det i praksis rundt eitt årsverk ein har til å følgje opp 91 bygningar med datering frå 1167 til 1930, spreidd over eit stort geografisk område. I tillegg til det eine årsverket har ein i snitt avsett 400' til dette føremål, tilsaman 1 mill årleg.

Det vart sist år gjennomført ein intern gjennomgang for å kartleggje etterslep og behovet framover. Den viser trong for ein auka innsats på om lag 27 millionar for å få bygningsmassa opp på eit akseptablet nivå. Dersom ein deler dette over ein periode på 10 år, er det årlege behovet 2,700'. Ein auka innsats bør eigentleg bli forsert dei fyrste år, for å unngå ytterlegare etterslep. Frå 2018 er VTM ved interne omprioriteringar i stand til å styrke arbeidet med 400', medan rest vert søkt departement, fylke og vertskommunar om.

Telemarksarkivet

Viser til orienteringar elles i rapporten, budsjettsøknad for 2018 og tilsvarande søknadar frå Norsk Industriarbeidermuseum og Telemark Museum. Dette er ei viktig samfunnsoppgåve som musea i Telemark kan løyse, under føresetnad av basisfinansiering. Denne er enno ikkje fullt ut på plass. Frå fylket har ein no ei fast løyving tilsvarande 0,7 årsverk, og dei er bede om å fylle opp til heile årsverk frå 2019. Elles har ein i denne oppbyggingsfasen klart å skaffe prosjektmidlar både frå arkivverket, kulturrådet og arkivskaparar. Gjennom desse prosjekta har ein bygd opp ein relativt god aktivitet, og kan vise til gode resultat. Mellom anna har ein under arbeid bevaringsplan for privatarkiv i Telemark. Den vert klar 1.april 2018.

Dette er eit tiltak som ikkje vil bli gjennomført utan dedikerte ressursar utanfrå.

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til...

...likviditet

Likviditeten var tilstrekkeleg gjennom året, og følgde den planen som vart lagt i samband med budsjettarbeidet. Etter utfordringane hausten 2015, då ein vart nødt til å ta opp eit likviditetslån, har verksemda vore gjennom ei omstilling med redusert aktivitet og innsparingar. Lånet vart avslutta hausten 2017.

...eigeninntekter

Budsjettmålet for eigne salsinntekter var samla sett til 3,905', medan resultatet viser 3.779', noko som tilsvarar ei måloppnåing på 96,8%. Måloppnåing for mat var 94,3%, suvenir 78,3%, billetter 104,2% og bøkar 151,3%. Samanlikna med resultat 2016 er det ein liten auke på mat (1%) og stor auke på billett (53%), medan nedgangen var på 3% på suvenir og 28% på bøkar. Auken i billettinntekter skuldast jusetrte prisar og endra prising på gruppeomvising, medan endringa i boksal var venta då museet ikkje hadde noko eigne utgjevingar dette år. Bruttofortenesta vart styrka dette året og utgjorde samla 55,7%.

Sal av tenester gjekk ned i høve til 2016, men var likevel langt over budsjettmål. Desse varierer svært frå år til år, og er vanskeleg å setje budsjettmål for.

Prosjektinntekter (andre tilskot) var på 1.501' mot 1.123' i 2016. Dette var vel det dobbelte av budsjettet, der ein berre rekna med dei allereie avklara midlar. I tillegg hadde ein ei ekstraordinær inntekt i samband med forsikringsoppgjær etter flaumen i Morgedal på 578'.

...løn og pensjon

Personalkostnadane utgjorde 49,5% av samla resultat, mot 50,1% året før. I høve til budsjett hadde ein eit meirforbruk på personal, men dette skuldast i hovudsak ekstra i samband med påkomne prosjekt i tillegg til underbudsjettering av sesongtilsette Norsk Skieventyr.

Pensjonskostnadane auka med 16% mot året før, og utgjorde 8,3% av samla lønskostnadar i 2017 mot 7,7% i 2016. VTM som er i gruppa små føretak kostnadsfører/balansefører ikkje framtidige pensjonsplikter.

Ein vil påpeike at lønsnivået i verksemda er lågare samanlikna med tilsvarande verksemdar i regionen og elles i landet. Det var ikkje rom for å gje noko ekstraordinært lyft i 2017. Lønsnivået vert utfordra særskild ved nyttilsetjingar.

...eigenkapital

Årsresultatet med eit overskot på 1.128' må korrigerast for betjeninga av likviditetslånet verksemda tok opp ultimo 2015. Dette lånet vart avslutta desember 2017 i tråd med plan. Betalt avdrag kr.942' kjem ikkje tilsyne i driftsrekneskapen. Årsoverskotet med frådrag for betjent likviditetslån går til styrking av eigenkapitalen. Eigenkapitalen utgjere ved årets slutt kr.4.134'. Viser elles til kommentarar i rapportering for 2016.

...andre sentrale problemstillingar

Gåveforsterkingsordninga kunne vore eit viktig ekstra bidrag til utviklingsarbeid og nye tiltak ved museet, og me har også fått uttelling av denne ordninga. Men dette er likevel svært tilfeldig, særskild for vår institusjon som ikkje har større private næringsverksemdar eller mesenar i vårt omland. Ein var også lova at ordninga skulle ha rask handsaming, men det er ikkje vår erfaring i det seinare.

...tiltak for å sikre effektiv ressursutnytting

Både for å effektivisere og for å betre kvaliteten er tilsynsrundane med samlingar og anlegg, er det etablert eit tettare samarbeid mellom FDV-avdelinga og samlingsavdelinga. I 2017 byrja også arbeidet med årshjul som planleggingsverktøy, og med dette har ein både ei betre oversikt og meir føreseieleg planlegging internt i organisasjonen og ovanfor lokalstyra.

I samband med budsjettarbeid har ein ei grundig gjennomgang av alle kontoar, og det er gjort revisjon av større avtalar på forsikring og telefoni.

Strategiar og langsiktige planar for dei neste tre åra

Stiftinga Vest-Telemark Museum skal sikre eit stabilt og mangfaldig kunst- og kulturtilbod med vekt på kunstnarleg og fagleg kvalitet, og at materiell og immateriell kulturarv frå fortid og samtid vert bevart og gjort tilgjengeleg for ettertid.

Stiftinga Vest-Telemark Museum skal stimulere til ivaretaking og nytenking ved bruk og utvikling av lokale ressursar.

Dette skal skje ved å gje kunnskap om, forståing for og oppleving av kultur- og kunsthistoria til Vest-Telemark på ein måte som viser både kontinuitet og endring, samanheng og forskjell.

Vest-Telemark Museum skal

-trygge og auke driftsgrunnlaget for verksemda, sikre gode arbeidstilhøve og fysiske rammevilkår.

- arbeide målretta for å betre katalogiseringa, sikringa og bevaringa av samlingane.

- leggje til rette for forskning og formidling i tilknytning til samlingane.

- nå ut til alle grupper med særskild vekt på barn og unge.

- halde vedlike sine bygningar og kulturlandskap for ettertida.

Resultatmål drift og utvikling

Vest-Telemark Museum skal trygge og auke driftsgrunnlaget for verksemda, sikre gode arbeidstilhøve og fysiske rammevilkår.

- vidareutvikle Norsk Skieventyr og VTM – Eidsborg som museum med heilårstilbod
- arbeide for heilårsope kunstmuseum for regionen

ÅRSMELDING 2017

- utvikle kafè- og anna salstilbod, auke samla salsinntekter til kr. 4 mill. i 2018
- prioritere marknadsarbeidet og setje av 2 % av driftsbudsjettet til dette
- styrke faglege ressursar innan formidling, vedlikehald og kjeldearbeid
- gjennomgå organisasjonsplan og ansvarsområde
- kurse og vidareutdanne personalet
- vere aktiv deltakar og utviklar av faglege nettverk
- vidareutvikle HMS/IK-planarbeidet

Resultatmål samlingsarbeid

Vest-Telemark Museum skal arbeide målretta for å betre katalogiseringa, sikringa og bevaringa av samlingane.

- drifte fellesmagasinet for VTM og samlingane på alle einingar
- utarbeide klare rutiner for god samlingsforvaltning i samsvar med standarden SPECTRUM.
- prioritere revisjon av gjenstandsregistreringane.
- utarbeide ein oppdatera og fullstendig samlingsforvaltningsplan for VTM
- gjennomføre ei restriktiv innsamling med prioritering av dei tematiske satsingsområda folkekunst og skikultur, 1900-talsmateriale.

gjere samlingane fortløpande tilgjengeleg for publikum, særskild gjennom DigitaltMuseum

Resultatmål forskning og dokumentasjon

Vest-Telemark Museum skal leggje til rette for forskning og formidling i tilknytning til samlingane.

- prioritere oppfølging av faglege førespurnader innan våre fagfelt
- stimulere til forskning innan våre fagfelt gjennom å setje av eigne ressursar og utarbeide problemstillingar for masterstudentar og andre
- vidareføre stipendordninga for forskning på kultur- og kunsthistoriske tema frå regionen
- stille våre kjelder digitalt tilgjengeleg

Resultatmål formidling

Det samla museumstilbodet skal nå ut til alle

- produsere utstillingar, aktivitetar, arrangement og publikasjonar som stimulerer til forståing, kritisk refleksjon og gjev oversyn
- legge museets ulike visingsarenaer til rette for publikum generelt, og grupper med særskilde behov
- prioritere aktivitetsbasert læring basert på fysisk rekvisittbruk, audiovisuell/digital stimulering og bruk av sosiale medium
- vektlegge pedagogisk tilrettelagt formidling til born, unge og innvandrarar og samarbeid med undervisningsinstitusjonar, vaksenopplæring og DKS
- utvikle heimesida som informasjons- og formidlingskanal for museet
- lære opp sesongtilsette formidlarar og utarbeide/fornye guiderressursar

Resultatmål vedlikehald og sikring

Vest-Telemark Museum skal halde vedlike sine bygningar og kulturlandskap for ettertida.

- gjennomføre prioriterte vølingar antikvariske bygg og kulturlandskapstiltak
- utarbeide vedlikehaldsplan med oversyn over trong, prioriteringar og løysingar.
- etablere ei realistisk rullering for vedlikehaldet
- styrke kompetansen innan bygningsvern
- følgje opp alarmanlegg teknisk og sikringsrutiner

ÅRSMELDING 2017

Eidsborg 28.02.2018

Lars Bjaadal

Dag Rorgemoen, direktør

Johannes Skarprud

Arne Vinje

Ingunn Momrak-Haugan

Inger Synnøve Fles Lie

Tilman Hartenstein